

NotatDato: 05.10.2017
Arkivsak: 2017/15970-1
Saksbehandlar: vibnym

Til:	Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møte i fylkesutvalet 21.sept. 2017 der Silje Hjemdal sette fram følgjande spørsmål:

- «1. Kan FUV få en orientering om foreløpig effekt av fraværs grensen i HFK?
2. FUV ønsker å få belyst mulighetene for at obligatoriske kjøretimer gir godkjent fravær.»

Svar på spørsmål 1: Fravær etter innføring av fraværsgrensa

Foreløpige tal viser at fraværet i vidaregåande skule har gått ned etter innføringa av fraværsgrensa.

Nasjonalt har gjennomsnittleg fravær gått ned frå fem dagar og tolv timar, skuleåret 2015/16, til tre dagar og åtte timar, skuleåret 2016/17. Hordaland har svært lik utvikling som dei nasjonale tala, med ein nedgang frå fem dagar og elleve timar i 2015/16, til tre dagar og åtte timar i 2016/17.

Fravær for yrkesfag

Nasjonale tal viser at fraværet på yrkesfag har gått ned frå seks dagar og tolv timar i 2015/16 til tre dagar og sju timar i 2016/17. I Hordaland ser vi same tendens, med ein nedgang i fraværet frå fem dagar og elleve timar i 2015/16 til tre dagar og seks timar i 2016/17.

Fravær for studieførebuande

I Hordaland har fraværet for studieførebuande vorte redusert frå elleve til ni timar frå 2015/16 til 2016/17. I Hordaland er det ein endå meir markert nedgang i dagfraværet enn nasjonalt. Frå 2015/16 til 2016/17 blei fraværet i Hordaland redusert frå seks til tre dagar, medan det nasjonalt blei redusert frå fem til tre dagar.

Tala er henta frå Udir sin offisielle statistikkportal, og det er foreløpige tal.

Udir vel også å nytte median i fraværstatistikken. Median er mindre sårbar for ekstremverdier. Median viser den midterste verdien når fravær settast opp i synkande eller stigande rekkefølge. Median viser altså kva som er typisk eller vanleg fravær blant elevar i vidaregåande skule. I tala er det berre elevar med elevstatus E (vaksne og elevar med spesialundervisning er ikkje inkludert i tala).

IV i standpunkt vurdering, samla tal for alle utdanningsprogram.

Når ein samanlikar skuleåra 2015-16 og 2016-17 ser ein per i dag ein svak nedgang i prosentdel elevar som får IV i Hordaland. Dette gjeld både for elevar som får **IV i minst eitt fag**, frå 3,6% til 3,5%, og elevar som har fått **IV i kun eitt fag**, frå 1,8% til 1,4%. Den same tendensen ser ein igjen i dei nasjonale tala.

IV i standpunktvrdering fordelt mellom studieførebuande og yrkesfag

For studieførebuande er det frå 2015/16 til 2016/17 ein markant nedgang i prosentdel elevar med **IV i minst eitt fag**, frå 3,2% til 2,6%. Det same gjeld for prosentdel elevar med **IV i kun eitt fag**, frå 1,6% til 1,1%. Det er òg nedgang nasjonalt.

For yrkesfag er det frå 2015/16 til 2016/17 ein auke i prosentdel elevar med **IV i minst eitt fag**, frå 4,3% til 4,8%, medan det er ein nedgang i prosentdel elevar med **IV i kun eitt fag** frå 2,2% til 1,9%. Dette blir også gjenspegla i dei nasjonale tala.

Tala er henta frå Udir sin offisielle statistikkportal. Tala er berekna for alle ordinære elevar som får opplæring etter ordinær læreplan i Kunnskapsløftet, og som har elevstatus E (vaksne og elevar med spesialundervisning er ikkje inkludert i tala).

Svar på spørsmål 2: Moglegheit for at obligatoriske kjøretimar gir godkjent fråvær

Fråværs grensa og kjøretimar har vore diskutert ved fleire høve etter at fråværs grensa tredde i kraft. Andre fylkeskommunar har forsøkt å gjere unntak frå fråværs grensa for kjøretimar, men fekk ikkje dette godkjent av sentrale myndigheiter. Det har vore praksis både før og etter innføring av fråværs grensa at alle typar kjøretimar inkludert langkøyring, mørke- og glattkøyring gjev fråvær. Elevane blir oppmoda om å leggje kjøretimar utanom skuletida, og eventuelt søkje om organisert studiearbeid dersom dei planlegg å ta køyreopplæring i skuletida. Det blir gjort forskning på konsekvensane av fråværs grensa, og her er kjøretimar ein del av biletet. Det er ikkje lagt opp til endringar i fråværs grensa på dette feltet. Endringar må i tilfelle kome frå sentrale myndigheiter.